

**Vestlandsfandens nye CD i sal**

10.08.2010

**Laurdag kveld er det sesongavslutning på Dønhauglåven med sjølvaste Vestlandsfanden, som i år har vore på farten langs landevegen i 30 år.**

**Og ikkje nok med det: Dette er den første spelestaden etter at deira nyaste CD har kome ut.**

No er 'Livets glade plommer' i sal og rimelegvis vil bandet spela seg igjennom plata på Dønhaug, Utruleg nok er dette CD nummer 14!

Vestlandsfanden har i mange år hatt ei høg stjerne på Vestlandet og er like populært i alle aldersgrupper. Bandet er trufast mot den norskspråklege låtskrivartradisjonen og står for norsk country-rock på sitt beste. Reidar Brendeland er frontmannen som låtskrivar og primus motor.